



DEN NORSKE KYRKJA
Gaupne sokneråd

dok 376

Kultur- og kirkedep.	
KI	
Saker: 200800738	Dato: 8.9.08
Kode: Ki-501	Beh:

Postboks 93
6866 GAUPNE
Tlf: 57685639
Faks: 57685646

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen, postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Gaupne 05.09.2008
Vår sakshandsamar: Marianne Moseng
Vår ref.: 08/00011-004
Arkivkode: 002.9

HØYRING - STYRKET DEMOKRATI I DEN NORSKE KIRKE

Gaupne sokneråd har i møte 02.09.08, sak 032/08, gjort slikt vedtak:

” Gaupne sokneråd ser positivt på dei ulike framlegga til tiltak innstillinga skildrar om styrking av demokratiet i Den norske kyrkja. Framlegga verkar interessante og fornuftige ut frå målsetjingane.

Dei viktigaste framlegga er etter vårt syn dei tiltaka som handlar om å styrke valdeltakinga ved soknerådsvala. Ein felles kyrkjeleg valdag, som fell saman med Stortingsvalet, har synt seg positivt der det er prøvd ut. Det er også viktig med styrking av informasjon om kandidatar, røysterett og gjennomføring av valet.

Gaupne sokneråd meiner at tilføring av ekstra ressursar, slik det også går fram av innstillinga, er ein klar føresetnad for å gjennomføre dei tiltaka som er lagde fram.

Gaupne sokneråd sluttar seg til framlegget om å auke delen av leke medlemmer i Bispedømerådet (BDR) og at desse skal veljast ved direkte val. Me trur at dette kan styrkje oppfattinga av BDR og Kyrkjemøtet som ”folkevalde” organ.”

Venleg helsing

Marianne Moseng
Marianne Moseng
Kyrkjelydssekretær